

men kniven. På kjeppen var det gjerne kvister, og då måtte ein skava vel av kring kvistene.

20. Veden ein skjev: Den einskilde kjeppen var kalla skavkjeppen. Samlinga av skavkjeppar vart kalla skavved.

21. Borken som er skaven av, er berre nemnd: skav. Ein kunde nemna: ospeskav, rogeskav o.s.b.

22. Ein skava både granne og tjukke kjeppar, heile treet. Skavkjeppane ein bar inn, var avhogne som vanleg brenneved.

Tunne kjeppar har ein ikkje sagt i Nordfjord før, men av og til no, påverka av bøker og slurvut tale. Om gripet tunt knyter ein til flater. Men ein seier tunn mjölk, tunn luft, tunt hår (samlingsnamn), men grann kjepp, grannt tre, grann tråd, eit grant hår (Einskilt hår) o.s.b.

23. Dei avskava kjeppane er nemnde berre skavkjeppar eller skavved.

24. Nei, ikkje visse reglar, men skava ein tjukkare bork på stokkar - med bandekniv -, smidde ein av borken på skrå, so det vart tunne skavs, øner.

25. Veden vart nytta til vanleg brenneved. Men av og til hogg ein kjeppane lenger, når dei skulde nyttast til baksteved.

26. Det finst kanskje dei som brukar litt skav endå, men dei fleste er slutta med skav for ei god tid sidan. Arbeidet med skaving er eit seinvore arbeid, som ein ikkje tek seg tid til no. Det løner seg ikkje. Det var dei som bruka litt skav i okkupasjonstida, då det var lite eller ikkje kraftfor å få.

TILLEGGLISTE nr. 7. S K A V.

1. Dette at kyr som hadde fått skav kom høgre i pris, er ukjent her.
2. Ukjent her.
3. Slik tru eller røynsle har ein ikkje høyrte snakk om her.
4. Ein har ikkje høyrte gjete at nokon hadde mål på kor mykje ein skulde ^{burde} eller skava kvart år.
5. Skavl vart i regelen brukt berre til å avberkja hesjeveden, hesjeved av lauvskog.

Ola Sande

Ola Sande